

## NOTAT

Vedlegg: B-1

TIL: Alver kommune, Byggjesak

**SAK: BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD.  
HÅØY FRIOMRÅDE. VATN- OG AVLAUPSANLEGG.  
GNR. 1 BNR. 10.  
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG PLAN-  
OG BYGNINGSLOVA.**

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel om bygging i LNF-område og plan- og bygningslova § 1-8 om bygging i 100-metersbeltet langs sjø.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) skal etablere vatn og avlaupsanlegg i Håøy friområde. Friluftsrådet har planar om å ruste opp Kommandantbustaden og tilknytte denne til kommunalt rørleidningsnett. Samstundes skal det leggjast til rette for framtidig å byggje toalettanlegg ved kai i friområdet.

### SKILDRING AV TILTAKET

I Alver kommunes prosjekt «Sjøleidningar Litlebergen – Isdalstø», med trase over Håøy, er det lagt sjøleidningar (vatn og spillvatn) frå Litlebergen til Håøy friluftsområde. Desse leidningane skal vidareførast på land for å etablere vassforsyning til Kommandantbustaden og eit framtidig toalettbygg. Spillvatn frå friområdet skal føres til kommunalt leidningsnett på Litlebergen via ny pumpestasjon. Samtidig skal straumforsyning etablerast.

Støttemur av naturstein byggjast i strandsona som erosjonssikring. Leidningane leggjast i trekkerør gjennom muren. Pumpestasjon for spillvatn og fordelarskap for straum monterast ved kai, sørvest for dagens toalettanlegg («utedo»).

### DISPENSASJON

Dispensasjonssøknad gjeld:

1. Kommuneplanens arealdel for Meland 2015-2026 – legging av VA-leidningar i LNF-område
2. PBL §1-8 – anleggstiltak innanfor 100-metersbeltet mot sjø

### KONSEKVENSER

Grunnarbeid for rørleidningsnett i eit friluftsområde og nærare sjø enn 100 meter.

## GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON

BOF ynsker å leggje til rette for meir bruk av Håøy friområde og har planar om oppussing av Kommandantbustaden og installere straum, vatn- og avlaup. Viss bustaden skal opprustast, er vatn, avlaup og straum heilt naudsynt for å oppnå eit funksjonelt bygg som kan nyttast til formål som kystledhytte, dagsturhytte, sumarleir, skuleundervisning med meir.

Framtidig vil utedo ved kai i Håøy friområde bli erstatta med nytt sanitærbygg.

Ny straum- og vassforsyning vil og bli nytta til:

- framtidig bryggjeanlegg for båtar
- Et framtidig mogleg servicebygg for oppbevaring av sjøsportutstyr (kajakker, redningsvestar, våttrakter mm), reingjering av utstyr, dusjtilbod osv. til bruk for skoleklasser, organisasjoner, fritidsleire osv.
- Straumforsyning til utandørsarrangement (familiedagar, konserter osv)

Leidningar og straumkabel vil bli lagt i grunne grøfter. Inngrep i strandsona og terreng vil heldast på eit minimumsnivå. Berre sprenging for kloakkpumpestasjon og mindre pigging av fjell vert utført. Alle vassføringsveger vil bli oppretthaldd.

Terreng blir tilbakeført slik at tur-/gangstiar kan bli etablert over rørtrase. Tiltaket vil ikkje vere synleg etter anleggsslutt.

Vi meiner at bygging av VA-anlegg vil gi store fordelar brukarar av Håøy friområde med betre toalettfasilitet og straum-/vassforsyning. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i forhold til legging av rørleidningar i LNF-føremål og innanfor byggegrense langs sjø.

Med venleg helsing



---

Thor-Henrik Fredriksen

### Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd v/Dag Seter